

185  
Bøn under verdenskrigen 1940-45.

Ein blodstorm frå avgrunnen rasar på jord.

I lufti, på land og i havet.

Eit djevelens uver, med eld og med mord,  
frå yttarste sudhav, til lengst i mot nord.

Me øygnar kje utveg or kavet.

Sjå blodhemn og hat kor dei finn sine mål,  
frå havdjup til høgt over skyer.

Eit dødshav av sprengto, av fosfor og stål,  
med ljonfart kjem rusande fram, utan tol,  
og øydelegg bygder og byer.

Seg, skal dette Ragnarok herja som no,  
og ingen set bægje ell' stengje,  
då vil denne storm med si drepende glo,  
snautt lata ein einaste landslut i ro,  
men inn over alle seg trengje.

Du evige konge, med allmakt i hand.  
Du Allheimsens skapar og Herre,  
Du ser då so godt denne etande brand  
som lagar til grushaugar land etter land,  
og stendigt vert verre og verre.

Lyft handi di over vår stormpiska jord,  
og byd dette uver å enda.

Det kostar Deg berre eit einaste ord,  
å stogga all redsla i sud og i nord.  
Me bed Deg, det snart måtte henda.

Johs.M.L.Rydland.